



Rutinar for Vigilo

Fedje barnehage

For at programmet skal kunne nyttast på ein god og forsvarleg måte treng ein å ha faste rutinar, god opplæring og reglar som er lett å følgje.

Kven har tilgang til Vigilo?

Alle tilsette i barnehagen har tilgang til Vigilo.

Leiar i barnehagen har tilgang til alle personopplysningane om barn/føresette som føresette har delt.

Avdelingsleiar har delvis tilgang til personopplysningane til barn/føresette (telefon nummer, fødselsdato, sjukdom, allergiar, meldingar)

Andre tilsette har mindre tilgang til personopplysningars (bilete, namn, telefonnummer, allergiar og elles andre hensyn)

Føresette får innsyn i sitt barn – ikkje barnegruppa. Kan sende meldingar, sjå planar, bilete, endre helseinformasjon om barnet. Elles endringar må meldast til barnehagen v/leiar.

Vikarar får ikkje tilgang til Vigilo.


Ved lengre fråvær, endt vikariat eller oppseiling vil all tilgang til Vigilo bli oppheva. Dette blir gjort av leiar i barnehagen.

Nytilsette

Nytilsette får ei innføring i kva me nyttar Vigilo til og korleis. Her får dei ein eigen brukar, slik at dei kan logge seg inn via ID-porten kvar gong dei skal nytta programmet.

Jamleg oppdatering

Ein gang i året er Vigilo tema på eit personalmøte. Her går ein gjennom dei forskjellege personvernreglane rundt



programmet og korleis me greier å oppretthalde dette. Me ser også på korleis og kvifor uheldige praksis kan foregå, og korleis me kan unngå dette.

Dei som ikkje deltek på personalmøtet får referat via e-post der mottakar må bekrefte at mail er lest og mottatt med lesebekrefting.

Oppdatering personopplysningar

Leiar i barnehagen har ansvar for at personopplysningane til barna/føresette er oppdaterte. Foreldre får ut informasjon om deira ansvar for opplysning om endringar, ved barnehagstart. Kvar fjerde månad (august – desember – april) skal leiar sende ut, og få ei bekreftelse frå foreldre at dei personopplysningane barnehagen har, er riktige.

HUGS!

- Ein skal ALLTID logge seg inn via ID-porten til Vigilo. Passord skal ALDRI lagras på telefon/nettbrett.
 - Informasjon som er henta inn til å nyttast i Vigilo skal ALDRI bli brukt til anna føremål.
- 